

Emnenr. 18

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Suldal og Sand

Emne: Juletre og julehalm

Bygdelag: Ryfylke

Oppskr. av: Eirik Vandvik

Gard: Tjærandsbøen i Bråtveit
(Suldal)

(adresse): Haslum i Bærum

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. I Sand vanleg alt i 1911 (då vi flytte dit frå Suldal). I Bråtveit i Suldal var heimen min den fyrste som hadde juletre (ein stor einer) - i 1910.
2. Sjø under 1.
3. Nei.
- 4x
6. I heimane 1-2 m, på skulefestar opp til 3 m.
7. Med heimelaga papir- og kongle-stas, kjøpkepynt (kuler, spjut o. l.) og lys. - Då vi budde i Bråtveit, laga mor all stasen. Ho støypte også lysa til treet (dessutan eit stort "Helligtrekongers-lys" til å setja på bordet).
8. Dei vaksne, helst mor.
9. På krakk, midt på golvet.
10. Julaftan, og stundom elles i jula.
11. Songar og salmer - serleg "Her kommer dine arme små", "Et barn er født", "O jul med din glede", "Glade jul", "Eg er så glad kvar julekveld", "Søle julekveld", "Kimery, i klokker", "'Eg elsker deg, jol", "No koma Guds englar".
12. Vanleg til ut i januar.
14. Helst furu (i Bråtveit nytta vi einer).
16. Nei

Julehalm

- 1 Ja. I Bråtveit breidde far og mor halm på golvet i storstova, så det vart ei "flatseng". På den senga låg alle - foreldre, born, dreng og taus - julenatta. (Samstundes brann det store "Helligtrekonger-lyset" på bordet i same stova; på bordet stod og eit fat med julegraut, og om det fortalde mor meg seinare at dersom nokon av husens folk vakna om natta og kjende seg svolten, så skulle han kunne ta til seg av grauten).

Muntlige tillegg:

Sengene var tomme til de underjordiske.
I Bråtveit hadde de juletre og etter de hadde gått rundt og sunget ble julehalmen bedt ut. Det var i 1909. Flyttet 1910 etter jul til Sand. Der ~~XXX~~ hadde de ikke lenger julehalm. Sand var "by", vanskelig å skaffe halm, huset var annerledes, måtte i tilfelle ha halmen i den gode stuen.

Kl. 5 juleaften gikk faren de voksne tjenerne og barna ut for å høre kirkeklokkene, som ringet julen inn, og som ikke ble hørt på gården. Så snart faren hørte dem skjöt han julen inn. Så gikk de i rekkefølge inn i huset, faren først så tjenerne, krøn først, tilsist barna og husmoren tok imot dem, det kallte de "å bære inn julen!"

Alle måtte ha noe nytt juleaften ellers måtte den som ikke hadde noe nytt 1) sitte på bakerovnen eller 2) bera verahodne.

1910-14 i Sand hadde enmyk sirupskake ca. 20 cm stor som de kalt for julegeit.

Bestefaren fortalte at de i hans ungdom red på hester gjennom Bråtveit og red inn i stuen.

